

GROVDALEN



Av Knut Raastad, skrivi i 2004

Ole Jacobsen f. 1830 frå Jacobstugun vart i 1861 gift med Kari Iversdotter f. 1832 frå Holshagen i Heidal. Dei hadde barna Rønnoug 1854-1953, gift med Amund Flåten 1855-1934 Jacob f. 1859, gift 1882 med Kari Groven f. 1850, dei hadde sonen Ole f. 1883 og dottera Marit f 1885, i 1886 utvandra dei til Sioux Falls i Amerika

Ole f. 1862, til Colman i Dakota i USA i 1889

John f. 1866, gift 1889 med Marit Bakken 1858-1898, i 1900 oppattgift med Gunhild Haugen, fyrst i Runningen under Øi, seinare i nedre Vistekleiven. John vart kalla Klevahaugguten fordi mora fødde han medan ho var på tur mellom Valbjør og Visdal.

Anne f. 1870

Mari f. 1876

Familien budde i 1862 og 1865 på søre Næbneshaugen, medan dei i alle fall frå 1870 var i Grovdalen. Ole Jacobsen Grovdalen fekk i 1872 feste på Grovdalen i Nordherad Statsalmemming, festet er fornya i 1885. Ole og Kari flytte sist på 1800-talet til Langrusten, festekontrakt er frå 1890, og i 1904 utvandra dei til Amerika til sonen Jacob.

Det ser ut til at Grovdalen var busett berre omlag 20 år, frå ca. 1870 til ca. 1890. Det er tomter både midt på jordet og nørdest på jordet. Det er mogleg at sonen Jacob hadde eigne hus nørdest på jordet etter at han stifta familie.

Grovdalen vart skyldsett i 1947 som gnr. 99 bnr. 3.

I 1875 var det i Grovdalen 1 kalv og 7 geit, medan det vart sådd ½ tønne bygg.

Kjelder: Norske Gardsbruk 1953 – 1997

A.Skrede: Årbok for Gudbrandsdalen 1950: Lagnaden er mangeleis, s. 52

Gudbrandsdalskommisjonens Indberetning 1882

Folketelling 1875, 1900

Utskrifter kyrkjebok for Vågå

Festekontrakter

Panteregister

Anna Randen: munnleg fortald

Ragnhild Aabakken: munnleg fortald